



Styre:

Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Arkivsaksnr.:

2023/14951

Styresak:

17/24

Dokumentdato:

29.02.2024

Møtedato:

21.03.2024

Oppretting av emnet PSYK604 Samspill og ledelse i krisesituasjoner: anvendt operativ psykologi

Bakgrunn

PSYK604 er ønska oppretta som eit etter- og vidareutdanningsemne. Oppdragsgjevar er Addisco, eit utdanningsselskap som leverer kurs og utdanningar tilrettelagt for arbeidstakarar. Dei har tidlegare tatt emnet PSYK603 Organisasjonspsykologi.

1. Bakgrunn er eit ønske frå Addisco om kurs som kan bidra til betre forståing og kunnskap om korleis ein kan handtere kritiske hendingar på ein best mogleg måte - inkludert ivaretaking av folk som blir utsette for traumatiske hendingar. Dette er eit tiltakande problem ute i medlemsbedriftene til Addisco - og følgeleg eit uttalt behov. Det er ikkje andre kurs som heller gjev dei denne kompetansen.
2. Dei ønska samtidig endring frå PSYK603 som dei meinte tematisk hadde for store overlapp med fag tilbydd gjennom HVL.
3. PSYK604 er altså eit lukka kurs kun for medlemmer i Addisco.
4. PSYK604 skal i første omgang gå hausten 2024.
5. Emnet er fullfinansiert av Addisco.

Behandling ved Institutt for samfunnspsykologi

UU ved ISP behandla saka i møte 07.02.2024, sak 1/24, og gjorde følgjande vedtak:

Undervisningsutvalget anbefalar opprettinga av PSYK604 Samspill og ledelse i krisesituasjoner: anvendt operativ psykologi.

Saka sendes til KUE for vidare saksbehandling.

Behandling i Kvalitetsutvalget for undervisning og evaluering (KUE)

KUE behandla saka i møte 21.02.2024, sak 2/24, og gjorde følgjande vedtak:

KUE anbefalar opprettinga av PSYK604 og sender saka vidare til fakultetsstyret for endeleg godkjenning.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar å opprette EVU-emnet; *PSYK604 Samspill og ledelse i krisesituasjoner: anvendt operativ psykologi* i tråd med saksforelegget. Det forutsettes at tiltaket er fullfinansiert gjennom kursavgift.

Norman Anderssen
dekan

Ove Chr. Borge
fakultetsdirektør

Vedlegg:

- Avtale
- Emnebeskrivelse



KONTRAKT OM OPPDRAGSUNDERVISNING

mellom

Addisco AS
(nedenfor kalt oppdragsgiver)

og

Universitetet i Bergen, Det psykologiske fakultet, Institutt
for samfunnspsykologi
(nedenfor kalt UiB/DPF/ISP)

1. **Kontraktens dokumenter**
Kontraktens dokumenter består av dette kontraktsdokument og de vedlegg som det er uttrykkelig vist til i dette dokument.
2. **Prosjekt**
Prosjektet omfatter oppdragsundervisning knyttet til PSYK604 Operativ psykologi og kriseledelse – 15 studiepoeng. I dette inngår gjennomføring av 1 kull på 25 studenter, for deltakere ut over dette kommer et tillegg i prisen på 5000,- pr. deltaker. Maks antall studenter er 30 stk. Undervisningen gjennomføres med 3 samlinger.
3. **Varighet og fremdriftsplan**
Avtalen gjelder for kurs høstsemesteret 2024.
4. **Studenter**
Studieopplegget er primært forbeholdt oppdragsgivers medlemmer. Opptak av studenter skal kunne skje også på grunnlag av realkompetanse. Hvis oppdragsgiver ønsker å åpne opp deltakelse for andre enn sine medlemmer, står oppdragsgiver ansvarlig for alt knyttet til kursavgift med mer.
5. **Økonomi/betalingsbetingelser**
Oppdragsgiver betaler NOK 614 000,- i 2024. Hvis antall deltakere overstiger 25 for kommer et tillegg i prisen på 5000,- pr. ekstra deltaker. Maks antall studenter er 30.

UiB/DPF/ISP sender faktura for hele beløpet (inkludert eventuelt økt beløp pga. ekstra deltakere) i september 2024.

Andre tjenester og kostnader som kommer i tillegg vil bli belastet i samråd med Addisco AS.
6. **Faglig styring av prosjektet**
Institutt for samfunnspsykologi ved Det psykologiske fakultet har det faglige ansvaret for studieopplegget og for den formelle godkjenning av emneplanen i Operativ psykologi og kriseledelse – 15 studiepoeng. UiB/DPF/ISP inngår underliggende kontrakter med eventuelle eksterne undervisningspersonell som inngår i undervisningsopplegget.
7. **Rapportering**
Etter gjennomføring av undervisning lages det for hvert kull en evalueringsrapport til oppdragsgiver.
8. **Publisering**
UiB/DPF/ISP (og den enkelte som deltar i gjennomføringen av undervisningen) kan publisere generelle resultater fra prosjektet, inklusive statistiske materiale hvor de involverte deltakerne ikke kan identifiseres. Ved publisering skal det fremgå at studieopplegget er finansiert av oppdragsgiver.
9. **Eiendomsrett til undervisningsopplegg**
Oppdragsgiver kan ikke bruke utdanningsopplegget i Operativ psykologi og kriseledelse i regi av andre enn UiB/DPF/ISP.

10. **Ansvar**

UiB/DPF/ISP er ansvarlig for opptak av studenter, gjennomføring av undervisning og eksamen, mens oppdragsgiver står for finansiering, markedsføring og rekruttering av studenter.

11. **Oppsigelse**

Hver av partene kan si opp/trekke seg ut av prosjektet med 3 - tre - måneders skriftlig varsel.

Dersom oppdragsgiver trekker seg ut av prosjekter, svarer han for alle utgifter i forbindelse med en hensiktsmessig avvikling av arbeidet. Dette gjelder også utgifter i tilknytning til de forpliktelser UiB/DPF/ISP har i forhold til tilsatte ved prosjektet. Dersom UiB/DPF/ISP trekker seg ut av prosjektet, er oppdragsgiver ikke ansvarlig for utgifter som påløper etter oppsigelsesfristens utløp. UiB/DPF/ISP er ikke ansvarlig for konsekvenstap.

12. **Mislighold**

Dersom en av partene vesentlig misligholder sine forpliktelser etter denne kontrakten, kan den annen part kreve prosjektet stanset med 2 måneders skriftlig varsel.

Dersom oppdragsgiver misligholder kontrakten, svarer han for alle utgifter i forbindelse med en hensiktsmessig avvikling av arbeidet. Dette gjelder også utgifter i tilknytning til de forpliktelser UiB/DPF/ISP har i forhold til tilsatte ved prosjektet.

Dersom UiB/DPF/ISP misligholder kontrakten, er oppdragsgiver ikke ansvarlig for utgifter som påløper etter oppsigelsesfristens utløp. UiB/DPF/ISP er ikke ansvarlig for konsekvenstap.

13. **Force Majeure**

Ingen av partene har misligholdt sine forpliktelser etter denne kontrakten dersom utførelsen av pliktene er blitt utsatt eller forhindret av force majeure.

Varsel om force majeure skal skje uten ugrunnet opphold.

14. **Tvister**

Tvister som gjelder forståelsen av denne kontrakten, eller forhold som utspringer av kontrakten, skal søkes løst ved forhandlinger mellom partene. Dersom enighet ikke oppnås innen tre måneder, kan tvisten bringes inn for de ordinære domstoler til avgjørelse. Partene vedtar Hordaland tingrett som vernetting.

Avtalen reguleres av norsk lov.

15. **Henvendelser**

Henvendelser til UiB sendes til instituttleder ved Institutt for samfunnspsykologi ved Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen, Christies gate 12, 5015 Bergen, <https://www.uib.no/isp>

Henvendelser til oppdragsgiver skal sendes daglig leder Nina Henriksen, Addisco AS, Postboks 8906 Youngstorget, 0028 OSLO

Denne avtale er utferdiget i to eksemplarer, hvorav partene beholder hvert sitt.

Parafert ved Institutt for samfunnspsykologi

Bergen 28.9.23

sted/dato



signatur

TORBJØRN TORSHEIM

navn

Instituttleder


stilling

For Universitetet i Bergen

Bergen, 29.09.23

sted/dato

signatur



navn

Seniorrådgiver / Ekstern kontakt

stilling

For Addisco AS

OSW, 10.10.2023

sted/dato



signatur

Nina K. Henriksen

navn

Daglig leder

stilling

Rapport for emne PSYK604

Stadiuminfo:	Utkast (S1)
Sist endret:	24.01.2024 Sondre Kleppa Øvrebø (kaf013)
Opprettet i EpN:	Ja

Generelt

Emnekodeforslag	PSYK604
Studienivå	Videreutdanning høyere grad (850)
Administrativt sted	184.17.35.00 Institutt for samfunnspsykologi
Studieansvarlig sted	184.17.35.00 Institutt for samfunnspsykologi
Vekting	15.0
Vektingstype	Studiepoeng
Navn - bokmål	Samspill og ledelse i krisesituasjoner: anvendt operativ psykologi
Navn - nynorsk	Samspel og leiing i krisesituasjonar: anvendt operativ psykologi
Navn - engelsk	
Første undervisningstermin	2024 HØST
Første eksamenstermin	2024 HØST

Undervisning

Fjernund.status	Nei
-----------------	-----

Emneinfo

Mål og innhold

Nynorsk:

Emnet har som mål å gje studentane forskningsbasert og relevant kunnskap om psykologiske og organisatoriske forhold som påverkar menneskeleg åtferd i tidskritiske og krevjande situasjonar der liv, helse eller grunnleggjande verdiar er trua. Kunnskapen skal kunne nyttast til å analysere og forstå menneskelege og organisatoriske forhold av betydning for situasjonsforståing, beslutningstaking, læring, samhandling, ivaretaking og leiing i situasjonar prega av kompleksitet, tidspress, kaos og fare, der konsekvensane av feilhandlingar, eller svak samhandling kan bli alvorlege og langvarige. Faget rettar seg slik sett mot alle organisasjonar som kan bli eksponerte for oppdrag eller situasjonar som kan være farlege og vanskelege å forstå og fortolke (for eksempel AMK, brann, redning og politi - men også helseforetak, rederi, NAV eller maritime- og offshoresettingar). Sentrale psykologiske og organisatoriske prosessar som påverkar individ, grupper og organisasjonar si evne til å handtere kritiske utfordringar før-, under- og etter kritiske situasjonar blir handsama.

Nærare bestemt får studentane ei innføring i fem operative utfordringar, som alle er nødvendige men ikkje tilstrekkelege betingingar for å lukkast i slike settingar. Dette dreiar seg om:

1. stress- og stressmestring
2. vurderingsevne og beslutningstaking
3. personellomsorg og ivaretaking
4. samspel og kriseleiing
5. hurtig læring både i og etter hendingar

Her vert tema tre særleg vektlagt, med 5 studiepoeng, medan tema fire vektast med fire studiepoeng, og øvrige tre tema med 2 studiepoeng kvar.

Læringsutbytte

Nynorsk:

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

Kunnskapar:

Studenten kan

- gjera greie for biologiske og psykologiske stress-markørar, ulike strategiar for meistring av stress, tydinga av individuell robustheit og korleis individ og grupper kan forbetre evne til å meistre stress.
- gjera greie for kva som er skal til for å oppnå god situasjonsmedvit, og kva som kjenneteiknar god tenking og beslutningstaking, irekna psykologiske mekanismar som truar slik beslutningstaking, samt individuelle og sosiale forhold som påverkar evna til tenking, problemløysing og beslutningstaking i operative situasjonar.
- gjera greie for kor viktig det er å ivareta eige personell i utøving av operativt leiarskap.
- gjera greie for normale og patologiske reaksjonar på traumatiske hendingar, irekna posttraumatisk stresslidning (PTSD), traumatisk hjerneskade, akutt stresslidning (ASD) og naturlege sorgreaksjonar.
- gjera greie for korleis operative leiarar, team-medlemmer og organisasjonar kan ivareta personell både i førebuing, gjennomføring og etterfase av krevjande operasjonar, irekna korleis personell kan takast vare på etter traumatiske hendingar.
- gjera greie for sentrale utfordringar knytt til leiing i krisesituasjonar (critical incident leadership), konsentrert rundt leiaren og teamet.
- gjera greie for korleis robustheit og mestringsevne er relatert til leiaren, og korleis faktorar som situasjonsmedvit, samhandling og koordinert initiativ kan oppnåast under press.
- greie ut om kva leiarskap som er mest (og minst) effektivt i kaotiske og komplekse situasjonar, og kva mekanismar som forklarar slik effektivt leiarskap (for eksempel rollemodellering, stressmestring, etablering av tillit og samhold)
- gjera greie for ulike klassiske læringsteoriar, og forhold som påverkar evne til organisatorisk læring i etterkant av ulike hendingar. I dette også forklare korleis individuelle forhold som læringsstil, sjølvtilitt og kontrollplassering kan fremja eller hemma læring og trening.

Ferdigheiter:

Studenten kan

- drøfte ulike orsakar til at individ eller grupper ikkje meistarar ein operativ situasjon, og peike på moglege tiltak for å auke operativ yteevne.
- kjenne att beslutningsfeller og sosiale prosessar som hemmar evne til kritisk tenking og beslutningstaking under press.
- gje råd om korleis evna til tenking, samhandling, beslutningstaking og leiing kan utviklast på individ, gruppe- og organisasjonsnivå.
- drøfte fordelar og ulemper med å bruke ulike lærings- og treningsformat for å auke den operative kapasiteten til ei gruppe.
- gje råd om korleis innsatspersonell bør takast vare på og følgast opp etter kritiske hendingar og operativ innsats for å redusere risiko for redusert mental helse og auke sjansen for meistring og læring på sikt.

Generell kompetanse:

Studenten kan

- anvende forskningsbasert teori om psykologiske forhold, organisasjonsteori og leiing til å forstå korleis komplekse og kaotiske hendingar prega av tidspress og alvorlige konsekvensar ved feilhandlingar best kan handterast. Både i form av planlegging, operativ gjennomføring og klokt etterarbeide. Meir spissa skal studenten være i stand til å ta i bruk relevant teori om korleis ein regulerer stress, korleis ein oppnår god situasjonsforståing og beslutningstaking, samt korleis ein leier, samhandlar, lærer og varetak personellet i slike krevjande settingar.

Studiepoeng, omfang

Nynorsk:

15

Studienivå (studiesyklus)

Nynorsk:

Bachelor

Undervisningsspråk

Nynorsk:

Norsk

Undervisningssemester

Nynorsk:

Haut

Undervisningssted

Nynorsk:

Bergen

Krav til forkunnskaper

Engelsk:

Ingen

Anbefalte forkunnskaper

Nynorsk:

Ingen

Studiepoengsreduksjon

Nynorsk:

Ikkje aktuelt

Krav til studierett

Nynorsk:

Emnet er forbeholdt medlemmer hos oppdragsgjevar Addisco AS

Arbeids- og undervisningsformer

Nynorsk:

Faget er organisert rundt tre helgesamlingar, over 2,5 dagar for kvar samling, der ein kombinerer forelesingar og praktiske øvingar. Det vil være 6 x 7 timar forelesingar, og 3 x 2,5 timar seminar/læringsgrupper. Arbeidsmåten i faget vil veksle mellom lærarstyrt undervising, gruppearbeid, eigenlæring, case-analysar og drøftingar og presentasjonar i plenum under gjennomgang av kvart case. Faget legg opp til meir omfattande undervisningsmengde enn tilsvarande heiltidskurs. Dette utvida undervisningstilbodet er etter avtale med ekstern oppdragsgjevar, som også betalar for denne ekstra ressursbruken.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

Nynorsk:

Det krevjast minimum 80% oppmøte på forelesing og seminargrupper

Vurderingsformer

Nynorsk:

3 dagars individuell heimeeksamen (maks 10 sider)

Karakterskala

Nynorsk:

A-F

Vurderingssemester

Nynorsk:

Haut

Litteraturliste

Nynorsk:

Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.

Emneevaluering

Nynorsk:

Emnet blir evaluert i tråd med Det psykologiske fakultet sine rutinar for deltakande evaluering og UiB sitt kvalitetssikringssystem.

Hjelpemiddel til eksamen

Nynorsk:

Alle hjelpemiddel tillate

Emneansvarlig

Nynorsk:

Institutt for samfunnspsykologi

Administrativt ansvarlig

Nynorsk:

Det psykologiske fakultet

Kontaktinformasjon

Nynorsk:

Informasjonssenteret ved Det psykologiske fakultet